



Ingolf Kristoffer Ones  
Kvernhusmyrane 25  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/495 - 17/25766

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
14.09.2017

## Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 185/73 og 185/102 Iسدال

**Administrativt vedtak. Saknr: 414/17**

### Saksutgreiing

Saka gjeld søknad om redusert gebyr for handsaming av søknad om dispensasjon for oppføring av bustad på eigedomen gbnr 185/73,102.

Plan- og miljøutvalet handsama i møte 31.05.2017 søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommunedelplanen Knarvik – Alversund og byggjegrensa langs fylkesveg 57, jf vedtak i saknr 058/17, for oppføring av bustad på gbnr 185/73,102 Iسدال. Søknaden vart avslått. Det vart fakturert sakhandsamingsgebyr på kr 19 000,-, dvs eitt gebyr per dispensasjon. Faktura vart send ut 15.06.2017.

Tiltakshavar har i skriv mottatt 06.07.2017 søkt om å få redusert gebyret til kr 10 000,-. I søknaden skriv tiltakshavar mellom anna:

Vi ble rådet til å utforme søknaden slik den foreligger, men ingen nevnte for oss at behandlingen ville koste kr.9.500,00 pr. dispensasjonssøknad. Vi tar avslaget meget tungt og føler på toppen av dette at vi blir straffet umåtelig sterkt med 2 stk. gebyrer av en slik størrelse. Det sier seg selv at det er utenkelig å söke senere, hvis en ikke er 100 % sikker på et positivt svar.

Vi søker derfor om at De reduserer gebyret til

Kr.10.000,00

### Vurdering

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetja gebyr for tenester/arbeid som vert utført etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebrysatsar gjennom eit



regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytt direkte opp mot ulike tenester.

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vart vedtatt av Lindås kommunestyre den 15.12.2016 i sak 106/16. For søknadar om tiltak som krev dispensasjon etter plan- og bygningslova vert det etter gebyrforskrifta fakturert eitt dispensasjonsgebyr for kvar regel det vert dispensert frå, jf. gebyrforskrifta punkt 9. I denne saka gjeld det arealføremålet i kommunedelplan og byggjegrensa mot fylkesveg 57.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønnsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngjevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det trengst dispensasjon verken når det gjeld verknaden av kommunedelplanen eller byggjegrensa mot fylkesveg 57. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngjevinga for reduksjonen også vil kunne gje seg gjeldande i andre saker. Det at søker ikkje har hatt kjennskap til at tenesta er gebyrlag og heller ikkje har fått informasjon om dette ved innsending av søknad er beklageleg, men vil ikkje endra kommunen si vurdering av at søknaden må bli avslått.

## VEDTAK

**Søknaden om redusert gebyr motteken 06.07.2017 vert avslått, jf lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste punkt 4.3.**

**Grunngjevinga for vedtaket går fram av vurderinga.**

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

**Mottakarar:**

Ingolf Kristoffer Ones

Kvernhusmyrane 5914  
25

ISDALSTØ